

Oppslags- nr.	Løpe- nr.	Namn i off. bruk / forslag	Vedtak	Namneobjekt	Merknader
308691	1	Dale	Dale	Namnegard (gard 9 og 11)	<p><u>Uttale:</u> I bygdeboka Kvinnherad 2 (1987) står det at namnet Dale er dativ av dal, noko som tilseier at uttalen må vera /da:ˈlə/, jf. Vetledale og Storedale.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Dale i gradteigskart frå 1929, 1940, 1948, 1958 og 1973, Dale i Norge 1:50 000 frå 1952, 1981, 1995, 2002 og 2011, Dale i økonomisk kartverk frå 1965. (Sjå gard 9 og 11 når det gjeld skrifttradisjon i matriklane.)</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Dale.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten av namnet er uproblematisk, og Dale har ein eintydig skrifttradisjon. Namnet måtte takast med i denne namnesaka i samband med at Språkrådet tok opp namnesak for Dalsjøen/Dalssjøen, jf. § 8 femte ledd i forskrift om stadnamn: "I saker der det same namnet blir brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal ein først fastsetje skrivemåten for det objektet namnet opphavleg vart brukt på. Vedtaksorganet må sjå til at alle funksjonane av namnet blir tekne opp i namnesaka."</p> <p>Dale vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

1078419	2	Lille Dale / Vetledale / Vetle Dale	<b>Vetledale</b>	Gard 9	<p><u>Uttale:</u> /væ̀ttledale/, jf. bokverket Norske Gaardnavne. Pr. telefon opplyser Odd Olai Roaldstveit uttalen /vèt`løda:lə/.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Dale lille i 1886-, 1906-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel. 1906-matrikkelen har merknaden "Alm. skr. og kaldt Lilledale." Sjå òg Ragnhild Huse sitt høyringsvar.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ragnhild Huse, grunneigar på bruk 9/1, skriv at Dale lille var namn på bruket på eit skøyte frå 1974, og det vart òg brukt på førre skøyte frå 1935. Men Vetledale vert òg brukt, og som kjelde til den skrivemåten nemner ho boka Kvinnherad av Arne Stuland frå 1924 (1914?), Slektsbok for Kvinnherad 1 av Bjarne Hauge frå 2010 og Kvinnherad 2 - gards- og ættesoge av Erling Våge frå 1987.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vetledale.</p> <p><u>Vurdering:</u> Den rettskrivingsforma for ordet i førelekken som ligg nærmast uttalen er vesle, men i pkt. 3.3 i dei utfyllande reglane står det at konsonantsambandet -sl- kan skrivast -tl- i samsvar med dialektuttalen. Skrivemåten Vetle- har normeringspraksis i mange andre stadnamn i Kvinnherad, t.d. Vetledalen og Vetleåsen. Uttalen av namnet er i eitt ord, og det er vanleg normeringspraksis for gardsnamn at dei vert skrivne i eitt ord når uttalen er i eitt ord, òg når førelekken er eit ord som seier noko om retning, storleik eller alder, jf. òg pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p> <p>Vetledale vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og pkt. 3.3 og 6 i dei utfyllande reglane.</p>
	3	Lille Dale	<b>Vetledale</b>	Bruk 9/1	Jf. løpenr. 2
	4	Lille Dale	<b>Vetledale</b>	Bruk 9/2	Jf. løpenr. 2

1078418	5	Store Dale / Storedale	<b>Storedale</b>	Gard 11	<p><u>Uttale:</u> /stó`redale/, jf. bokverket Norske Gaardnavne. Pr. telefon opplyser Odd Olai Roaldstveit uttalen /sto:`ræda:lə/.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Dale store i 1886-, 1906-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Storedale i boka Kvinnherad frå 1914, i Kvinnherad 2 - gards- og ættesoge frå 1987 og i Slektsbok for Kvinnherad 1 frå 2010. 1906-matrikkelen har merknaden "Alm. skr. og kaldt Storedale."</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Storedale.</p> <p><u>Vurdering:</u> Til liks med Vetledale tilseier den lokale, nedervde uttalen at dette namnet vert skrive Storedale i eitt ord, slik det òg er normeringspraksis for i dei fleste gardsnamn, òg når førelekken er eit ord som seier noko om retning, storleik eller alder, jf. òg pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p> <p>Storedale vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p>
	6	Store Dale	<b>Storedale</b>	Bruk 11/1	Jf. løpenr. 5
	7	Store Dale	<b>Storedale</b>	Bruk 11/2	Jf. løpenr. 5
	8	Store Dale	<b>Storedale</b>	Bruk 11/3	Jf. løpenr. 5
	9	Store Dale	<b>Storedale</b>	Bruk 11/4	Jf. løpenr. 5
	10	Storedaleskogern	<b>Storedaleskogen</b>	Bruk 11/5	Jf. løpenr. 5
	11	Storedaleskogen	<b>Storedaleskogen</b>	Bruk 11/12	Jf. løpenr. 5

99825	12	Dalsjøen / Dalssjøen	<b>Dalssjøen</b>	Vik i sjø	<p><u>Uttale:</u> /'da:lsjø:d*n/, jf. ei lokal namnesamling frå Kvinnherad.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Dalesjøen i økonomisk kartverk frå 1965, Dalsjøen i ei seinare utgåve av økonomisk kartverk.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Dalssjøen. Dei peikar på at namnet vert uttalt med einstavingstonelag, og at det difor må ha genitivs-s, jf. pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p> <p><u>Vurdering:</u> Ein kunne i utgangspunktet ha venta Dala- som samansetningsmåte her i samsvar med Dal(a)elva og Dalavegen, men det er tydelegvis noko som har gjort at ein har ein annan samansetningsmåte i dette namnet. I bygdeboka Kvinnherad 2 - gards- og ættesoge frå 1987 går det fram at dalføret/bygda vert kalla Dalen og Dalsbygda, medan namnegarden heiter Dale, og det kan tenkjast at det er Dalen som har Dala- som samansetningsmåte, medan Dale har Dals- som samansetningsmåte, sidan ein har fått to samansetningsmåtar. Som Språkrådet peikar på, er det intuitivt at namnet må skrivast med fuge-s når uttalen er med einstavingstonelag, jf. pkt. 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetningsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Bruken av -s i Dals- vert òg stadfest av namneformene Dalsbygda og Dalsvardeggjene, jf. løpenr. 18.</p> <p>Dalssjøen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p>
814170	13	Dalsjøen / Dalssjøen	<b>Dalssjøen</b>	Kai	Jf. løpenr. 12
	14	Dalsjøen	<b>Dalssjøen</b>	Bruk 12/19	Jf. løpenr. 12
	15	Dalsjøen II	<b>Dalssjøen II</b>	Bruk 12/135	Jf. løpenr. 12

490628	16	Daelva / Dalselva	<b>Daelva</b>	Elv (endra frå bekk i SSR)	<p><u>Uttale:</u> Dalaelvå el. Daelvå vert opplyst som uttale av Ragnhild Huse. Pr. telefon opplyser Odd Olai Roaldstveit uttalen /da:l'èlvå/ el. berre /èl'vå/.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Daelvi i gradteigskart frå 1929, 1940, 1948, 1958 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Daelva i Norge 1:50 000 frå 1981, 1995, 2002 og 2011.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Dalaelvå el. Daelvå vert opplyst som lokal uttale av Ragnhild Huse, som legg til at skrivemåten Dalselva verkar ukjend. Ho poengterer elles at dette er ei elv, ikkje ein bekk.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Dalaelva, jf. pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p> <p><u>Vurdering:</u> Samansetningsmåten Dal- utan fuge-a er brukt gjennomgåande i gradteigskart og i Norge 1:50 000. Dette er nok ei form som har oppstått pga. elisjon, dvs. bortfall av trykklett vokal i Dala- føre etterfylgjande vokal i etterlekken /-elvå/. Namna Dalavegen og Dal(a)elva har soleis lik samansetningsfuge i utgangspunktet. Men skrifttradisjonen tyder her på at bortfallet av -a- har lang tradisjon, og når forma Daelv- utan a-fuge framleis er i bruk i talemålet, synest det mest tilrådeleg å fylgja skrifttradisjonen for namnet. Daelva vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Namneobjekttypen i SSR er endra til 'elv' i samsvar med Ragnhild Huse sitt innspel.</p>
--------	----	-------------------	---------------	----------------------------	---

126314	17	Vardegga / Dalsvardegga	<b>Vardeggjene</b>	Rygg	<p><u>Uttale:</u> /'va:reGene/ er opplyst frå Hans Storedale på gnr. 11 i ei namnesamling frå 1970-talet.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> st Vareggi og vesle Vareggi i gradteigskart frå 1929, 1940, 1948, 1958 og 1973 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Vardegga i Norge 1:50 000 frå 1981, 1995, 2002 og 2011, Vareggi i økonomisk kartverk frå 1965, Dalsvardegga i ei seinare utgåve av økonomisk kartverk. Dalsvareggen er nemnd i Hordalands Folkeblad frå 14.08.1913 som "det høieste punkt mellom Hatlestrand og Lygrespollen".</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vardeggene i namnet på fleire eggjar som ligg i grenseområdet mellom Dale og Nettland, og peikar på uttalen /va:reGene/ i samlinga frå 1970-talet.</p> <p><u>Vurdering:</u> Førelekkjen må vera ordet varde, og det tilseier skrivemåten Vard- med d, jf. § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn, som fastset at skrivemåten av ålment kjende ord og namneledd skal fylgja gjeldande rettskriving i norsk. Den lokale uttalen av etterlekkjen er i fleirtal, og då tilseier pkt. 2 i dei utfyllande at skrivemåten òg har fleirtalsform: "Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen." Det er normeringspraksis i Kvinnherad for skrivemåten Eggja- og Eggjane, jf. Eggjane like vest for Dale. Bruken av -j- her kjem frå gamalnorsk, ikkje av palatalisering i målføret. I pkt. 3.8 i dei utfyllande reglane står det at gamalnorske trekk i uttalen kan visast i skrivemåten, og det er soleis opning i regelverket for j-innskot her i samsvar med uttalen og lokal normeringspraksis.</p> <p>Vardeggjene vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og pkt. 2 og 3.8 i dei utfyllande reglane.</p>
--------	----	----------------------------	--------------------	------	--

1083454	18		<b>Dalsvardeggjene</b>	Rygg	<p>Jf. løpenr. 17</p> <p><u>Vurdering:</u> Dalsvardeggjene er venteleg namn på den delen av Vardeggjene som ligg Dale sin grunn (gnr. 9 og 11), i motsetnad til Nettlandsvardeggjene, som er den delen som ligg på Nettland (gnr. 29) sin grunn. Dette stemmer med geografien for desse namna.</p> <p>Dalsvardeggjene vert skilt ut frå Vardeggjene som eige namneobjekt, og Dalsvardeggjene vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
160802	19	Nettlandsvaregga	<b>Nettlandsvardeggjene</b>	Rygg	<p>Jf. løpenr. 17 og 18</p> <p><u>Uttale:</u> /"netlansvareGene/, jf. ei namnesamling ved Universitetet i Bergen frå 1970-talet.</p> <p><u>Vurdering:</u> Nettlandsvardeggjene vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn. Vedtaket gjeld skrivemåten av etterlekken -vardeggjene.</p>
672094	20	Ørmerkesskardet / Øyrmerkeskaret	<b>Øyrmerkeskaret</b>	Skar	<p><u>Uttale:</u> I skulebornsoppskriftene frå 1931 står Øyrmarkeskaret oppgjeve frå bruk 58/1, Ørmarkjeskare frå bruk 59/1 og Ørmarkeskare frå bruk 59/2 og 4. I ei namnesamling frå 1970-talet er /"ø:rmarKeska:re/ oppgjeve som uttale av Lars T. Bondhus og /"øy:remerKeska:re/ av Gotskalk Gjerde. Sistnemnde oppføring har merknaden "Fjellskar forma som eit øyremerke".</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Namnet har i liten grad vore brukt i kart, men på FKB-nivå har namnet dei seinare åra vore brukt med skrivemåten Ørmerkesskardet. På eit utskiftingskart frå 1911 er namnet skrive Ørnmærkeskaret, jf. Jarle Øvrehus sitt høyringssvar nedanfor.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Sjå løpenr. 21.</p> <p><u>Tilråding:</u> Ørmarkeskaret, jf. løpenr. 21.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå løpenr. 21 når det gjeld Øyrmerke-. Skrivemåten -skaret bør fastsetjast for etterlekken i samsvar med normeringspraksisen på Vestlandet, der -skar(et) vert nytta som skrivemåte i staden for -skard(et), jf. pkt. 3.5 i dei utfyllande reglane.</p> <p>Øyrmerkeskaret vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og pkt. 3.5 i dei utfyllande reglane.</p>

854103	21	Ørmerkesvatnet	Ørmerkevatnet (hovudnamn) / Stutatjørna (undernamn)	Tjørn	<p><u>Uttale:</u> I ei namnesamling frå 1970-talet er /"øy:rmärkevatne/ oppført som uttale.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Ørmerkesvnt i Norge 1:50 000 frå 1988 og 1995, Ørmerkesvatnet i Norge 1:50 000 frå 2003 og 2011. Jf. elles Ørmerket om eit namneobjekt (truleg ei høgd) i nærleiken i amtskart frå 1867, 1918 og 1920.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Jarle K. Øvrehus skriv fylgjande: "Ørmerkesvatnet og Stutatjørnet er ett og samme vann, bare med et gammelt navn og et nyere navn. Stutatjørnet som navn oppstod etter krigen. Noen folk fra Odda kom over Folgefonna til Sundal og ville kjøpe slakt. Fra Sundal ble det leid en stut opp til Ørmerkesvatnet, og der ble den slaktet. Slaktet ble deretter fraktet over Folgefonna til Odda. Ørmerkesvatnet er dermed på folkemunne etter den tid kalt Stutatjønn. Når det gjelder Ørmerkesvatnet/-skardet, er dette blitt dokumentert flere ganger og også skrevet på ulike måter. I 1911 ble det oppmålt og tegnet kart over fjellområdet mellom gårdene Sundal og Gjerde i forbindelse med utskiftning av fjellbeitene. På kartet står det merket 'Ørnmærkeskardet'. I innsamlingen av stedsnavn på 1930-tallet i forbindelse med Gustav Indrebø, er dette skardet også nevnt. Der står det skrevet som 'Ørmarkjeskardet'. På 1970-tallet var det ytterligere en omfattende stedsnavninnsamling, og der er både skardet og vannet nevnt. Avhengig av informant er navnene skrevet på ulike måter. Det er Øyremerkjeskardet (med opplysning om "et skar formet som et øremerke"), Ørmarkjeskardet og Ørmarkjevattet. Ifølge kart og lister over stadnamn fra 70-tallet er skardet på østsiden av vatnet, og ikke nede ved Botnavatnet slik det er plassert på digitale kart i dag. [...] jeg mener at førsteleddet kommer av "Ørnamark" og dermed vatnet og skardet som ligger i eller nærheten av det. Uttalen er dog "Ørmarkjesvatnet, -skardet"."</p>
--------	----	----------------	--	-------	--



854103	21	Øyrmerkevatnet		Tjørn	<p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Ørmarkevatnet, og skriv fylgjande: "Den registrerte uttaleforma er utan genitivs-s. [...] Sidan førstelekken er notert med monoftong i dei fleste registrerte uttaleformene, tilrår me at det blir skrive Ør- i staden for Øyr-. (Me skjønar det slik at det har vorte føreslege å la namnet bli skrive Øyrmerkevatnet, men me finn det lite sannsynleg at føreleken i namnet har noko med øymerking å gjera. Jamfør blant anna med det at andrestavinga i namnet er skriven konsekvent med /a/ i alle dei registrerte formene.) (I nokre samanhengar er Stutatjørnet (/ -tjørna) nytta som namn på same vatnet. Dette namnet finst ikkje i dei UiB-registrerte namnesamlingane, og me tilrår difor at det ikkje blir teke med på offentlege kart. Hovudlekken i dette namnet bør eventuelt skrivast med hokjønnsform.)"</p> <p><u>Vurdering:</u> Det er vanskeleg å tolka dette namnet som noko anna enn 'øymerke-vatnet'. Jarle Øvrehus føreslår 'ørnemark', men ordet mark f. synest òg lite sannsynleg her ut frå uttalen -marke- med palatal k. Sterke hokjønnsord har helst hard k i målføra i denne posisjonen, so merke n. verkar meir sannsynleg sidan linne inkjekjønnsord beheld palatalisering i alle posisjonar i dei tradisjonelle bygdemåla. Namneforma Ørmerket i amtskart frå 1867 og seinare om det som truleg er ein fjelltopp i nærleiken, peikar òg mot ei tolking 'merke' av etterlekken. Det ser ut som tolkinga 'øymerke' òg har støtte i den lokale tradisjonen i og med opplysninga "Fjellskar forma som eit øymerke" i namnesamlinga frå 1970-talet. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at dette kan vera folkeetymologi. Men i namne-omgjevningane elles i området er det verdt å leggja merke til namnet Hundsøyra nokre km lenger nordaust som, om ikkje anna, tyder på ein tradisjon for samanlikningsnamn på høgdedraga i området. (Framh. neste side)</p>
--------	----	----------------	--	-------	---

854103	21	Stutatjørnet / Stutatjørna		Tjørn	<p><u>Framh. vurdering:</u> I målføret skulle ein i utgangspunktet ha venta namneforma *Øyrnamerkjevatnet, jf. målføreforma øyrnamerkje, sjå s. 38 i boka Kvinnherskringlo og s. 236 i Ordbog over Bygdemaalene i Søndhordland (1983). Men i målføret finst det eit uomlydt ord mark n. med om lag same tyding som merke n., jf. s. 118 i same ordbok, og det kan ha verka inn på namnet, jf. at øyremerke heiter øyremark i somme dialektar. Overgangen /øyr`na-/ &gt; /ø(y):r`-/ i dette namnet kan ha skjett som ei forenkling eller av rytmiske årsaker sidan namna Øyrnamerkevatnet og -skaret elles hadde fått seks stavingar, noko som er meir enn vanleg i norske stadnamn. Namneforma Ørnmærkeskaret kan soleis vera ei fordansking av ein eldre uttale */øyrn(a)markeska:re/. Kartverket vurderer på dette grunnlaget at det er sannsynsovervekt for at det er øyremerke (øyrnamerke el. øyrnamark) som ligg til grunn for namnet. Både monoftongert uttale /ø:r-/ og uttale med halden diftong /øy:r-/ er dokumentert, og Øyrmerkebør difor fastsetjast i samsvar med lokal normeringspraksis elles, jf. Hundøyra. Til støtte for Øyrmerke- kan òg nemnast eit lesarinnlegg av Johs. Bondhus i Kvinnheringen frå 25.05.2005, der han tok til orde for at kartforma Ørmerkesvatnet vart retta til Øyrmerkevatnet. Namna Øyrmerkevatnet og Øyrmerkeskaret bør ikkje ha fuge-s, for uttaleforma /"øy:rmarKevatne/ syner at det ikkje er s-samansetning i desse namna i den nedervde, lokale uttalen, jf. pkt. 6 i dei utfyllande reglane og Språkrådet si tilråding.</p> <p>Øyrmerkevatnet vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet med utgangspunkt i uttalen, og i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Stutatjørna vert fastsett som undernamn i samsvar med ein nyare namnetradisjon på staden, jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>
--------	----	-------------------------------	--	-------	--